
Saksnr: 2022/90594-3
Saksbehandlar Gudrun Einbu
Dato: 09.05.2023

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Avdelingsdirektør mobilitet og kollektivtransport

Oppfølging av vedtak: ferjetilbudet Krokeide - Hufthamar og Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella

Avdelingsdirektøren vil med denne saka følgje opp vedtak knytt til PS 91/2022 Ferjetilbudet i Vestland og opning for å gjere endringar:

"Hovudutval for samferdsel og mobilitet ønskjer utgreidd kva det vil koste med lengre opningstid og større kapasitet i helgene på vinterhalvåret på sambandet Krokeide-Hufthamar, samt forslag til korleis det eventuelt kan finansierast innanfor dagens ramme til ferjedrift.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet vil også ha utgreidd kva det vil bety økonomisk og tidsmessig dersom ferja Rutledal-Krakhella-Rysjedal hadde Rutledal inne som stopp også på turane midt på dagen."

Hufthamar – Krokeide

Ekstra kapasitet på helg

Ferjesambandet Hufthamar – Krokeide går frå Austevoll til Bergen frå kl. 05:50 alle dagar utanom søndag, med siste avgang frå Hufthamar kl. 22:35. På kvardagar køyrer to ferjer, og på laurdag ei ferje.

På søndagar er det ulikt tilbod i vinter- og sommarperioden. Frå november og ut mars køyrer ei ferje, med oppstart frå Hufthamar kl. 07.25 og siste avgang frå Hufthamar 22:35. Mellom 1. april – 31. oktober er det same opningstid, men det køyrer to ferjer mellom kl. 12:40 og kl. 19:25.

Statistikken viser at det tidvis er mindre kapasitetsutfordringar med gjenstående bilar frå Hufthamar på søndag i vinterperioden. Det er elles ikkje gjenstående frå Krokeide på laurdag eller søndag, heller ikkje frå Hufthamar på laurdag.

Kostnaden ved å sette inn ferje II på søndagar også i vinterperioden er estimert til om lag 3 MNOK årleg.

Utvida opningstid

Sambandet er i dag stengt for reisande i seks timar nattetid i yrkedagane frå siste ferje kjem til Hufthamar kl. 23:55, og første ferje går frå Hufthamar kl. 05:55. Ein rundtur tek ein og ein halv time. Dersom ein skal utvide opningstida vil det gå utover dagens skiftløyving. Det er dermed vurdert som mindre hensiktsmessig å utvide med berre *ein* ekstra rundtur, på grunn av at kostnaden for denne eine endringa blir uførehaldsmessig høg. Ved å etablere tre nye rundturar med avgangar frå Hufthamar kl. 00:05, 01:35 og kl. 04:25, får ferja døgnkontinuerleg drift. Ei slik utviding er estimert til ein kostnad på om lag 22 MNOK årleg.

Finansiering

Dersom tiltaket skal finansierast innanfor den økonomiske ramma ein har til ferjedrift, vil dette krevje nedtrekk på eit anna ferjesamband i fylket. Det er ikkje identifisert gode tiltak for omprioritering utan at dette vil få negative konsekvensar i eit anna område. Gjennomføring av tiltak vil krevje ekstra løyving.

Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella

Ferjesambandet Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella er eit trekantsamband som bind saman Solund kommune og fv. 57 over Sognefjorden mellom Rutledal (Gulen kommune) og Rysjedalsvika (Hyllestad kommune). Avgang frå Krakhella kl. 13:40 har ikkje anløp i Rutledal. Det er vurdert kva som skal til for å kunne anløpe Rutledal også på denne avgangen. Vurderingane er gjort innanfor dagens kontrakt, med ei ferje som trafikkerer sambandet. Det er i denne samanhengen såleis ikkje vurdert løysingar med til dømes to ferjer på sambandet.

Rutetabellen er «stram» tidsmessig, og det er slik ruta er satt opp no ikkje rom for å gå sløyfa om Rutledal på den aktuelle avgangen. Anløp her vil krevje om lag 30 minutt ekstra med dagens overfartstider. Gjennomføring av anløp Rutledal vil i så fall krevje omlegging av rutetabellen med forskyving av dei seinare avgangane og utviding av driftsdøgnnet.

RUTE 1016						Hufthamar – Krokeide					
Operator: Fjord1											
I: M/F «MekstraFjord» ☎ 917 04 454 – II: M/F «Horgefjord» ☎ 917 08 725											
Frå Hufthamar			Frå Krokeide			Frå Hufthamar			Frå Krokeide		
Mån – fre	Laurdag	Søndag	Mån – fre	Laurdag	Søndag	Mån – fre	Laurdag	Søndag	Mån – fre	Laurdag	Søndag
05.55	05.55	–	06.40	06.40	00.20a	05.55	–	–	06.40	–	–
06.40	–	–	07.25	–	–	06.40	–	–	07.25	–	–
07.25	07.25	07.25	08.10	08.10	08.10	07.25	–	–	08.10	08.10	08.10
08.10	–	–	08.55	–	–	08.10	–	–	08.55	–	–
08.55	08.55	08.55	09.40	09.40	09.40	08.55	–	–	09.40	09.40	09.40
09.40	–	–	10.25	–	–	09.40	–	–	10.25	–	–
10.25	10.25	10.25	11.10	11.10	11.10	10.25	–	–	11.10	11.10	11.10
11.10	–	–	11.55	–	–	11.10	–	–	11.55	–	–
11.55	11.55	11.55	12.40	12.40	12.40	11.55	–	–	12.40	12.40	12.40
12.40	–	12.40	13.25	–	13.25	12.40	–	–	13.25	–	13.25
13.25	13.25	13.25	14.10	14.10	14.10	13.25	–	–	14.10	14.10	14.10
14.10	–	14.10	14.55	–	14.55	14.10	–	–	14.55	–	14.55
14.55	14.55	14.55	15.40	15.40	15.40	14.55	–	–	15.40	15.40	15.40
15.40	–	15.40	16.25	–	16.25	15.40	–	–	16.25	–	16.25
16.25	16.25	16.25	17.10	17.10	17.10	16.25	–	–	17.10	17.10	17.10
17.10	–	17.10	17.55	–	17.55	17.10	–	–	17.55	–	17.55
17.55	17.55	17.55	18.40	18.40	18.40	17.55	–	–	18.40	18.40	18.40
18.40	–	18.40	19.25	–	19.25	18.40	–	–	19.25	–	19.25
19.25	19.25	19.25	20.10	20.10	20.10	19.25	–	–	20.10	20.10	20.10
20.55	20.55	20.55	21.40	21.40	21.40	20.10	–	–	21.40	21.40	21.40
22.35	22.35	22.35	23.20	–	23.20	21.40	–	–	23.20	–	23.20

Vert køyrt av ferje II (kan bli innstilt ved driftsproblem)

Ferje II søndagar kun i sommarperioden 1. april – 31. oktober

a Avgang følger ordinær laurdagsrute. Køyrer ikkje på dagane med søndagsruter; 1. juledag, 1. nyttårsdag, skjærtorsdag, langfredag, 2. påskedag, 1. mai, Kristihimmelfartsdag, samt 2. pinsedag.

Måndag – Fredag									
Rysjedalsvika kai	06.45	09.05	–	12.35	14.30	16.25	18.55	21.10	23.20
Rutledal ferjekai	07.10	09.30	10.50	13.00	–	16.50	19.20	21.35	23.45
Losna kai	07.45b	–	11.15b	–	–	17.15b	19.45b	22.00b	00.10b
Krakhella kai	07.45	10.10	11.25	13.35	15.15	17.25	19.55	22.10	00.25
Krakhella kai	05.30	08.00	10.10	11.30	13.40	15.20	17.30	20.00	22.15
Losna kai	05.40b	08.10b	10.20b	–	–	15.30b	17.40b	20.10b	22.25b
Rutledal ferjekai	06.10	08.40	10.50	12.10	–	16.00	18.10	20.45	22.55
Rysjedalsvika kai	06.30	09.00	–	12.30	14.25	16.20	18.30	21.05	23.15
Laurdag									
Rysjedalsvika kai	06.45	09.05	–	12.35	14.30	16.25	18.55	21.10	–
Rutledal ferjekai	07.10	09.30	10.50	13.00	–	16.50	19.20	21.35	–
Losna kai	07.25b	–	11.15b	–	–	17.15b	19.45b	22.00b	–
Krakhella kai	07.45	10.10	11.25	13.35	15.15	17.25	19.55	22.10	–
Krakhella kai	05.30	08.00	10.10	11.30	13.40	15.20	17.30	20.00	–
Losna kai	05.40b	08.10b	10.20b	–	–	15.30b	17.40b	20.10b	–
Rutledal ferjekai	06.10	08.40	10.50	12.10	–	16.00	18.10	20.45	–
Rysjedalsvika kai	06.40	09.00	–	12.30	14.25	16.20	18.30	21.05	–
Søndag/Sunday									
Rysjedalsvika kai	09.05	–	12.35	14.30	16.25	18.55	21.10	23.20	–
Rutledal ferjekai	09.30	10.50	13.00	–	–	16.50	19.20	21.35	23.45
Losna kai	–	11.15b	–	–	–	17.15b	19.45b	22.00b	00.10b
Krakhella kai	10.10	11.25	13.35	15.15	17.25	19.55	22.10	00.25	–
Krakhella kai	08.00	10.10	11.30	13.40	15.20	17.30	20.00	22.15	–
Losna kai	08.10b	10.20b	–	–	–	15.30b	17.40b	20.10b	22.25
Rutledal ferjekai	08.40	10.50	12.10	–	–	16.00	18.10	20.45	–
Rysjedalsvika kai	09.00	–	12.30	14.25	16.20	18.30	21.05	23.15	–

b Mot førehandstinging tlf. 415 36 370

For meir informasjon sjå fjord1.no

For rutetabell helgedagar, sjå fjord1.no

SMS-varsling: Send «REG FJORD1 1115» til 19182 – Sjå også fjord1.no



RUTE 1115

Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella

Operatør: Fjord1
M/F «Losna» 415 36 370

Det er mogleg å omprioritere anløpa i ruta. Eit mogleg alternativ er ei omprioritering mellom anløp Rutledal og Rysjedalsvika. Avgangen frå Krakhella 13:40 (i dagens rute) kan gå til Rutledal, og returnere direkte til Krakhella omlag kl. 15:00 utan å anløpe Rysjedalsvika. Ved å redusere anløp til Losna, kan det også bli rom for nytt anløp Rutledal. Det kan også vere eit alternativ å endre rutetabellen med reduksjon på ein rundtur, for å få rom til anløp ved alle kaiene. Desse alternativa kan vidare bli drøfta med dei aktuelle kommunane.

I samband med førebuing til konkurranseutsetting av denne ferjeruta (oppstart 2027), er det vidare dialog med kommunane og arbeid med moglege justeringar av rutene.